


Kyllaren i Askvoll Miljøstatus og tiltak mot H₂S, Forprosjekt



Norsk institutt for vannforskning

Hovedkontor
 Gaustadalléen 21
 0349 Oslo
 Telefon (47) 22 18 51 00
 Telefax (47) 22 18 52 00
 Internett: www.niva.no

Sørlandsavdelingen
 Jon Lilletuns vei 3
 4879 Grimstad
 Telefon (47) 22 18 51 00
 Telefax (47) 37 04 45 13

Østlandsavdelingen
 Sandvikaveien 59
 2312 Ottestad
 Telefon (47) 22 18 51 00
 Telefax (47) 62 57 66 53

RAPPORT

Vestlandsavdelingen
 Thormøhlensgate 53 D
 5006 Bergen
 Telefon (47) 22 18 51 00
 Telefax (47) 55 31 22 14

NIVA Midt-Norge
 Pircenteret, Havnegata 9
 Postboks 1266
 7462 Trondheim
 Telefon (47) 22 18 51 00
 Telefax (47) 73 54 63 87

Tittel Kyllaren i Askvoll Miljøstatus og tiltak mot H₂S, Forprosjekt	Løpenr. (for bestilling) 6088-2010	Dato Februar 2011
Forfatter(e)	Prosjektnr. Undernr. 10373	Sider Pris 58
Lars G. Golmen Kjersti Lundmark-Daae	Fagområde 214/Oseanografi	Distribusjon Open
	Geografisk område Sogn og Fjordane	Trykket NIVA

Oppdragsgiver(e) Askvoll kommune, Teknisk kontor.	Oppdragsreferanse 10/49-17/K2-K20
--	--------------------------------------

Sammendrag

Innsjøen Kyllaren i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane har år om anna avgitt hydrogensulfid (H₂S)-gass som har vore til plage for omgjevnadene. Kommunen ønskjer å få eliminert denne plaga ved å setje i verk tiltak for å halde gassen under kontroll. Rapporten omtalar problemet, gjev eit historisk oversyn over utvikling og tidlegare vurderingar og skildrar miljøtilstanden i Kyllaren i 2010/2011 basert på nye prøver. Tilstanden ved inngongen til 2011 er omtalt som därleg og ustabil, med høge H₂S-konsentrasjonar opp til nær overflata. Rapporten omtalar konkrete tiltak for å redusere gassmengdene og hindre gasslekkasjar neste vinter og som kan setjast i verk på kort sikt. Her inngår pumping og blanding av vatn over/under kjemoklinen evt kombinert med neddykka tilførsle av ferskvatn.

Fire norske emneord	Fire engelske emneord
1. Kyllaren	1. Kyllaren
2. Askvoll kommune	2. Askvoll municipality
3. Hydrogensulfid	3. Hydrogen sulphide
4. Innsjørestaurering	4. Lake restoration

Lars G. Golmen

Prosjektleiar

Dominique Durand

Forskningsleiar

ISBN 978-82-577-5823-3

B. Faafeng

Seniørrådgjevar

Kyllaren i Askvoll

Miljøstatus og tiltak mot H₂S

Forprosjekt

Føreord

Innsjøen Kyllaren ved Askvika i Askvoll kommune har giftig H₂S-haldig djupvatn grunna innslag av sjøvatn og liten vassutskifting. Gassen kjem tidvis til overflata og medfører sjenerande lukt og plager for beboarane rundt. Dette hende vinteren 2009/2010 då lukta var særmarkert. Lukt har også førekome vinteren 2010/11.

Kommunen bestemte i 2010 å få sett i gong eit forprosjekt for å få vurdert tilstanden i Kyllaren og få sett på konkrete tiltak for å eliminere luktplagene.

NIVA vart kontakta i mai med førespurnad om å lage forslag til forprosjekt. Dette vart akseptert i slutten av august og arbeidet kunne ta til med organisering og første synfaring og prøvetaking som vart gjort 23. september.

Eivind Aarset og Joakim Vågene i Askvoll bistod under feltarbeid og med prøvetaking og oppmåling. Kjersti L. Daae har arbeidd med data og grafikk. Mange personar rundt om i kommunane har vore kontakta med spørsmål om tiltak andre stader, og fleire leverandørar av utstyr har levert innspel.

Askvoll kommune sine kontaktpersonar var Kjersti Sande Tveit ved Teknisk kontor og rådmann Svein Festervold.

Takk til alle som deltok og bidrog til prosjektet og rapporten.

NIVA-Bergen, februar 2011

Lars G Golmen

Innhald

Samandrag	6
Summary	7
1. Innleiing	8
1.1 Bakgrunn	8
1.2 Formål med studien	9
1.3 Litt hydrofysikk/kjemi	10
1.3.1 Nokre energibetraktingar	10
1.3.2 Ifrysing	11
1.3.3 Indre bølgjer	12
1.3.4 Danning av hydrogensulfid	13
1.4 Metodar for innsjørestaurering	13
1.5 Tilhøva vinteren 2009/2010	14
2. Kyllaren, geografi og topografi	17
2.1 Kanalen ut til Askvika	18
2.2 Askvika naturreservat	21
3. Tidlegare granskningar i Kyllaren	23
3.1 NIVAs granskningar 1994-1996	23
3.2 Granskningane i regi av Høgskulen	25
4. Miljøtilstanden i 2010/11	28
4.1 Hydrografi	29
4.2 Oksygen/H ₂ S og partiklar	31
4.3 Næringssalt	32
5. Diskusjon omkring tiltak	33
5.1 Aktuelle (utprøvde) metodar for å forbetre vasskvaliteten	33
5.2 Kriteria for val av metode	34
5.3 Kva vassmengder trengs?	34
5.4 Limnox systemet	34
5.5 Pumping/nedføring av vatn	35
5.6 Scenario for utslepp	36
5.6.1 Oppumping av vatn	36
5.6.2 Dykka ferskvassutslepp.	37
5.7 Nokre erfaringar frå andre stadar	39
6. Diskusjon	42
6.1 Miljøtilstanden	42
6.2 Fordeler/ulemper ved tiltak	42
6.3 Kva miljøtilstand er ønskjeleg i Kyllaren?	43
6.3.1 Visjon for ein framtidig Kyllaren	45
6.4 Overvaking/kontroll i tiltaksperioden	46

6.5 Sosial og politisk aksept	46
7. Referansar	48
Vedlegg A. Fredningsforskrift Askvika	51
Vedlegg B. LIMNOX	53
Vedlegg C. Skisse for pumpe frå Hellenes AS	55
Vedlegg D. Overvaking av H₂S gas i luft	56

Samandrag

Kyllaren er ein liten brakkvasspoll i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane som ved fleire høve har avgitt hydrogensulfid til lufta i sbm. spesielle meteorologiske, hydrologiske eller oseanografiske tilhøve. Vinteren 2009/10 var det eit særskilt kraftig utbrot som medførte plager for beitarane i nærleiken og også for heile lokalsamfunnet. Også inneverande vinter har det vore lekkasje og problema er tidvis så alvorlege at noko må gjerast og kommunen sette i 2010 i gong førebuande utgreiingsarbeid med sikte på iverksetjing av tiltak snarast råd. NIVA, Norsk institutt for vannforskning, fekk hausten 2010 i oppdrag å skaffe oppdaterte data for tilstanden i Kyllaren og å utgreie moglegheiter for tiltak mot framtidig gasslekkasje. Føreliggande rapport oppsummerer dette arbeidet.

Tilstanden i Kyllaren med mykje H₂S i djupvatnet er naturleg og vedvarande, og har vore belyst gjennom fleire studiar og rapportar på 1990-talet og tidlegare. Tilstanden i 2010 var i store trekk den same som på 90-talet. Dei nye målingane frå hausten 2010 avdekte høge konsentrasjonar av oppløyst H₂S i djupvatnet under 4-5 m djup, trass i den store lekkasjen til overflatelaget og til lufta over den føregåande vinteren. Det var også høge konsentrasjonar av næringssalt i djupvatnet. Sprangsjiktet låg mellom 1 m og 4 m djup og djupvatnet var særskilt kaldt, 3.8 °C frå 5 m og til botn; i kontrast til målingane på 90-talet som synte djupvasstemperatur mellom 7 og 8 °C. Tilstanden i februar 2011 var om lag som i september året før, men H₂S-gass fantes no i høg konsentrasjon opp til like under overflata og tilstanden vart rekna som ustabil.

Det er gjort vurderingar og berekningar for ulike tiltak som kan vere aktuelle. Det er sett på eit ti-tals tiltaksmetodar og det er innhenta opplysningar om erfaringar frå andre stadar med liknande utfordringar. I vurderingane av metodar er det også teke omsyn til interessene for å bevare Kyllaren mest mogleg som den er.

Blanding mellom H₂S-haldig vatn og oksygenrikt vatn representerer ein rask metode for å fjerne H₂S. Ved å pumpe moderate mengder vatn frå dei øvre H₂S-haldige sjikta opp i nedre del av overflatelaget kan ein få til ein effektiv fortynnning og blanding som fjernar H₂S nærmest overflata.

Dette kombinert med litt tilførsel av ferskvatn frå elv/bekk ned i det aktuelle blandingsdjupet vil sikre god tilførsel av friskt vatn for å sikre at fortynninga heile tida får tilgang på nytt, oksygenrikt vatn. Det er også sett på ei løysing med turbulensgenerering i sprangsjiktet med ein propell, noko som vil stimulere blandingsprosessane der og som også kan sjåast i kombinasjon med dei to andre forslaga.

Dette er tiltak som vil innebere små/moderate inngrep og låge kostnadar utan at dette er rekna på i detalj. Først bør ein få ein diskusjon om kva som er praktisk gjennomførleg og sikre ein politisk aksept for det.

Kyllaren er ein del av eit verna område, Askvika naturreservat. Den dårlege vasskvaliteten i Kyllaren kan alt ha påført verna biotopar i verneområdet skade, og såleis innebere eit grunnlag i seg sjølv for å få bukt med problema ved å setje i verk tiltak. Dette må så balanserast opp mot naudsynt omsyn til verneinteressene både ved planlegging og iverksetjing av tiltak og i dimensjoneringa av overvakkinga mens tiltaka er i gong.

Summary

Title: Kyllaren fjord in Askvoll, W Norway, water quality status and remedial measures against H₂S.
Prestudy.

Year: 2011

Author: Lars G. Golmen

Source: Norwegian Institute for Water Research, ISBN No.: ISBN 978-82-577-5823-3

Kyllaren is a small meromictic, fjord-like water body located in Askvoll municipality, about 150 km north of Bergen, Norway. The surface area is 0.35 km² and the maximum depth is 32 m. The connection to the outside coastal bay Askvika is 3.5 km, via a narrow and shallow channel. Kyllaren is part of the Askvika natural reserve.

The morphology of Kyllaren leads to permanently anoxic conditions in the deepwater, below 4-5m depth. Concentrations of H₂S were previously measured at 180 mg/l. During the past 15 years several prevailing episodes with H₂S gas leaking to the air and surroundings occurred as the halo-/chemocline raised from 4-6 m depth to the surface. During the winter 2009/10 this lasted for several weeks, and the foul odor was detected more than 20 km away, with ground level concentrations exceeding 10 ppm in the community nearby, with health issues arising. The condition in Kyllaren in the beginning of 2011 is still of concern, with high (> 30 mg/l) concentrations of H₂S very close to the surface and a metastable water column.

There may be several causes for the increased frequency of gas leaks. A bridge with pillars and culvert crossing the channel that was rebuilt several times with resulting changes (increase) in water cross-flow is claimed as one cause, by allowing more saline water entering Kyllaren, displacing the anoxic deepwater upwards. There is consensus now to apply a method to remove the odor from Kyllaren once for ever. NIVA, The Norwegian Institute for Water Research, was engaged by Askvoll municipality to review existing methods for aeration etc. and to focus on one or more with a practical potential. The modest size of Kyllaren does not call for the large-scale methods in order to keep the chemocline away from the surface at minimum 5 m depth, which is a short-term aim. Mixing anoxic and oxic water one way or the other is an intriguing method as such mixing rapidly neutralizes the H₂S. This is somewhat contrary to the method by exposing the anoxic water to air or oxygen gas, which requires a certain time for the gas exchange, as well as significant infrastructure.

Pumping anoxic water upwards from 4-7 m depth across the chemocline and let the discharge mix with ambient oxygenated water at 2-4 m depth will require an admixture of 5-10 times the pumping flux in order to get rid of the H₂S in the mix. Calculations with a plume model show this is achievable at pumping rates of 25-50 l/sec, to restore a 3 m thick anoxic layer to an oxic state. Guiding fresh water from the watershed via a pipe to below the chemocline of Kyllaren will generate a rising plume that will entrain anoxic water and mix into the oxic layers, depriving the deeper layer from H₂S. This method will require more water flux per volume unit of H₂S-water neutralized than the pumping method, but may be technically more simple and feasible.

A third method to apply a propeller from a boat or barge to stir the water in the chemocline will also work to annihilate near-surface H₂S. A combination of two or all three methods is recommended, also for backup purpose. Monitoring and recording of the performance of the methods as well as the response in Kyllaren should be maintained for an extended period, and H₂S gas sensors with alarm functions should be installed in order to alert people about any unexpected situation and to allow immediate shutdown of pumps etc.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Brakkvasspollen Kyllaren i Askvoll i Sogn og Fjordane (**Figur 1**) har ved fleire høve avgitt hydrogensulfid til lufta i sbm spesielle meteorologiske, hydrologiske eller oseanografiske tilhøve. Luktplagene har i fleire vinrar vore påtakelge for dei nærmaste bebarane men også merkbare i ein vidare omkrins. Seinast vinteren 2010 då problema var betydelege og med lukt som breidde seg heilt til Bulandet, 20 km unna.

Problema i Kyllaren med mykje H₂S i djupvatnet (**Figur 2**) har vore belyst gjennom studiar og rapportar på 1990-talet, både av NIVA (Golmen 1994, 1996) og Høgskulen i Sogndal (Aas og Torgersen (1998).

For 7-8 år sidan var det igjen møter og diskusjonar om tiltak, etter nokre nye luktepisodar, og etter at dei nye rapportane om Kyllaren var lagt fram.

Ein hypotese frå studiane på 1990-talet er at dei to vegfyllingane (Askvika og riksvegbrua) er hovudårsakene til den därlege tilstanden i Kyllaren p.g.a. reduksjon i vassutskiftinga som desse medfører. Det vart konkludert med at å fjerne eller bygge om desse fyllingane ville verte omfattande og dyrt og sannsynlegvis ta fleire år før det evt ville kunne realiserast.

Kulerten som vart lagt under bruva ca 1995 kan ha medverka til å forverre tilstanden ved å sleppe inn meir sjøvatn enn før. Difor syntes det den gongen naudsint å setje i verk andre tiltak, som kunne avhjelpe situasjonen raskt.



Figur 1. Kart over Vestlandet, med Askvoll (pil).

Det var her nærliggande å tenke på lufting av djupvatnet, enten med luft/bobleanlegg, eller ved tilførsler av ferskvatn eller overflatevatn. Slike tiltak vart omtalt og foreslede på 90-talet.

Kyllaren er ein del av eit verna område, Askvika naturreservat (sjå avsnitt 2.2). Fylkesmannens miljøvernavdeling meldt tidleg at vernestatusen for området ikkje skulle hindre igangsetjing av skånsame tiltak. Standpunktet til verneinteressene synes ikkje å ha endra seg i høve til den gong.

NIVA (1996) rekna på utslepp av ferskvatn under overflata i Kyllaren som eit mogleg tiltak. Dette har vore vellykket andre stader. Det var då ikkje rekna i detalj m.o.t. tekniske løysingar og kostnader. Kalkylane syntet at eit slikt tiltak vil ha positiv effekt m.o.t. å fjerne H₂S.

Vinteren 2002/03 var det nye luktepisodar, og også føregåande vintrar hadde episodar. Problema vart diskutert på eit møte mellom Askvoll kommune, kommunelegen og Fylkesmannens miljøvernavdeling i februar 2003, der det vart semje om at tiltak for å eliminere luktplagene må setjast i verk snarast. Det var eit oppfølgjande møte om dette i Askvoll 3. april 2003, der også folk frå NIVA og Høgskulen i Sogndal var til stades og m.a. diskuterte nye måleresultat.


Situasjonen synest å ha roa seg ein del dei påfølgjande åra, og saka vart lagt i ro. Tiltak har soleis vore diskutert, men hittil ikkje sett i verk. Situasjonen vinteren 2009/2010 har imidlertid ført til ny og stor merksemd om problemet, og Askvoll kommune kontakta NIVA 3. mai 2010 for å få eit forslag til gjennomføring av eit prosjekt for å ta nye prøver i Kyllaren, og å kome med tilrådingar m.o.t. tiltak.

1.2 Formål med studien

NIVA responderte på brevet frå kommunen med eit 3-delt forslag/formål:

Del 1. Oppdatere miljøstatusen med prøvetaking	Del 2. Forslag til tiltak, forprosjekt	Del 3. Detaljprosjektering og etablering av tiltak
---	---	---

Kommunen aksepterte Del 1 og 2 i forslaget i brev 23. august 2010, og arbeidet med organisering kunne ta til. Gjennomføring av Del 3 ville avhenge av resultat og tilrådingar får Del 2, og vart sett på vent. Kommunen ønskete at det i denne runden vert gjort tilstrekkelege faglege utgreiingar for å kunne velje eitt eller fleire tiltak, og sette dette i kraft.



Figur 2. Skisse av Kyllaren i dag og slik den har vore i lang tid, med eit brakt og relativt bra oksygenert overflatelag der fisk og dyr synes å leve/overleve i lengre tid, og med det oksygenfrie djupvatnet under, med høg konsentrasjon av H₂S.

Fagetatane synest vere samde om at dei to vegfyllingane (Askvika og riksvegbrua) er noko av årsaka til den därlege tilstanden i Kyllaren, om ikkje heile årsaka. Det å fjerne eller bygge om desse fyllingane vil verte eit omfattande arbeid, som vil koste mykje og sannsynlegvis ta fleire år før det evt ville kunne realiserast. Difor synes det naudsynt å setje i verk andre tiltak raskt, som kan avhjelpe situasjonen helst innan neste vinter.

1.3 Litt hydrofysikk/kjemi

Nedkjølinga om hausten kan medføre svekka lagdeling og omrøring. Men naturleg førekommende salinitetsendringar i Kyllaren har ein relativt sett langt større effekt på densitet og sjikting enn motsvarande (observerte) temperaturendringar. Temperaturendringar har aller minst effekt ($<0.1 \text{ kg/m}^3 \text{ pr grad}$) i kaldt, ferskt vatn, som **Tabell 1** illustrerer. D.v.s. at nedkjøling om hausten eller oppvarming om våren medfører liten endring i sjiktinga, i motsetnad til i innsjøar. Salinitetsendringar skapt av ferskvasstilførsler eller blanding av ulike vasstypar skaper 5-10 gonger større endring i densitet enn temperaturendringar. Haust- og våromrøring p.g.a. temperaturendringar som innsjøar gjennomgår, er dermed ikkje noko betydeleg fenomen i salt vatn.

Tabell 1. Nokre eksempel som viser den relative tydinga av endring i salinitet (S) og temperatur (T) for densiteten til brakkvatn med ulike T-S karakteristikkar. α og β er termisk og halin ekspansjonskoeffisient.

	$\beta = 1/\rho \partial\rho/\partial S [\text{kg/m}^3/\text{ppt}]$		$\alpha = -1/\rho \partial\rho/\partial T [\text{kg/m}^3/\text{°C}]$	
	T = 5 °C	T = 15 °C	T = 5 °C	T = 15 °C
S = 5 ppt	0.78	0.77	0.03	0.16
S = 20 ppt	0.79	0.77	0.08	0.29

1.3.1 Nokre energibetraktningsar

Det krevst energi for å flytte vatn både oppover og nedover i ei stabilt sjikta vassøyle. Dess høgare stabilitet, dess meir energi trengs til flytting og for å blande vassøyla. Den statiske stabiliteten kan uttrykkast ved den potensielle energien i vassøyla (pr m^2) relativt til ei gjennomblanda øyle,

$$P = \int (\rho' - \rho(z)) z g dz,$$

der g er tyngeksellerasjonen, ρ (m/s^2) er densiteten (kg/m^3), ρ' er midlare densitet (etter blanding) og z er djupet. Ei gjennomblanda vassøyle vil ha høgast pot. energi. Dess meir sjikta, dess lågare pot. energi (lågare "tyngdepunkt").

Storleksordenen på energidifferansane ved ulike sjiktingstilhøve er illustrert i **Tabell 2**, ved to tilfelle med ulik salinitet i det øvre av to lag, der det nedste er uendra. Verdiane er i samsvar med Kyllaren under normale tilhøve. Ved dette eksempelet, der densiteten i øvre lag er satt h.h.v. 1005 og 1012 kg/m^3 , er skilnaden i potensiell energi 1.5 kJ/m^2 . Teoretisk skal altså denne energimengda tilførast vassøyla for å forvandle den frå sterkt (lavt energinivå) til svakt sjikting (høgt energinivå), utan ekstra inn/utstrømming av vatn. Dette kan utførast av f.eks. ei mekanisk innretning eller av naturen sjølv, f.eks. vind eller redusert ferskvasstilrenning.

Tabell 2. Eksempel på fordeling av potensiell energi ved to ulike sjiktingstilhøve. Ved svak sjikting er tyngepunkt til vassøyla og dermed energien, høgast.

	Svak sjikting		Sterkare sjikting	
Lag 1, 0-3 m	1012 kg/m ³	237.8 kJ/m ²	1005 kg/m ³	236.2 kJ/m ²
Lag 2, 3-25 m	1015 kg/m ³	111.7 kJ/m ²	1015 kg/m ³	111.7 kJ/m ²
	-	349.5 kJ/m ²	-	347.9 kJ/m ²

Tiltak for å destabilisere Kyllaren vil heile tida måtte arbeide mot stabilisering p.g.a. konkurrerande ferskvasstilførslle som vil redusere energinivået. Difor er det relevant å ta med tidsfaktoren (kinematikken) ved vurdering av effektar av tiltak, og ikke berre tenke ut frå statisk før-etter situasjon som illustrert i **Tabell 2** som i praksis berre vil gjelde for korte tidsrom.

1.3.2 Isfrysing

Kyllaren er i varierande grad islagt kvar vinter. Isen fører til stans i gassutveksling med lufta over og reduserer turbulensnivået i vatnet under isen slik at nedblanding av oksygen stansar opp. Vilkåra for islegging er i første rekkje styrt av meteorologiske og klimamessige tilhøve. Det er gjerne i stille og kalde verperiodar at isen legg seg. vind og bølgjer (i tillegg til varme) vil kunne motverke isdanning, og bryte ned evt. eksisterande is.


Netto strålingsbalanse og direkte varmetap er styrande faktorar for avkjølinga av overflatelaget. Dei hydrografiske tilhøva og vassutskiftingsdynamikken er viktig for responsen på avkjølinga. Islegging får betre vilkår dess brakkare overflatevatnet er, og dess kraftigare sjikting.

Prosessen som fører til isdanning i sjøoverflata under avkjøling vert påverka av kor brakt vatnet er. Dersom saliniteten er over 24.7 ppt, vil avkjølinga ned mot frysepunktet bidra til å auke densiteten og det vil oppstå ein vertikalkonveksjon i celler. Denne konveksjonen vil bringe litt varmare vatn nedanfrå til overflata, avkjølinga blir hemma/forsinka mens øvre lag blir gradvis destabilisert. Dette er på ein måte havvatnet sin måte å utsetje avkjøling og faseovergang.

Dersom saliniteten i sjøoverflata er lågare enn 24.7 ppt, vil vatnet under avkjøling opptre om lag som ferskvatn. D.v.s. at det når sin maksimale densitet ved ein temperatur som ligg over frysepunktet. For ferskvatn ligg denne temperaturen rundt 4°C. For sjøvatn med 24.7 ppt salinitet vil frysepunktet og temperatur for max. densitet vere lik (-1,33°C). For brakkvatn med 20 ppt i salinitet ligg frysepunktet rundt -1°C mens temperaturen for max. densitet ligg rundt 0 °C.

Dersom overflatelatnet er mindre salt enn ca 25 ppt vil m.a.o. avkjølinga medføre at det byggjer seg opp eit sekundært, tynt sjikt i overflata i staden for vertikal konveksjon. Dette sjikket let seg lett avkjøle vidare til frysepunktet, og islegginga skjer raskt. Sjå **Figur 3**.


Ved vurdering av tiltak og følgjer for islegginga kan det difor vere aktuelt å finne ut om tiltaket vil flytte overflatosaliniteten frå under til over 24.7, eller omvendt, og for øvrig vurdere vilkåra for isdanning.



Figur 3. Illustrasjon av nedkjøling med ein varmefluks Q_H i øvre lag for vatn med salinitet lågare enn 24.7. Isolinene er for densitet (kg/m^3). Etter ei tid, $T=T_C$, stansar konveksjonen og det dannar seg eit sjikt med lettare vatn øvst som raskt kan avkjølast til det når frysepunktet ved $T=T_f$.

1.3.3 Indre bølgjer

I innelukka basseng som Kyllaren kan det dannast ståande indre bølgjer. Sprangsjiktet vandrar då opp og ned med meir eller mindre regelmessig periode. Desse bølgjene kan være generert av vind eller kraftig innstrømming og kan forårsake episodisk utlufting av djupvatnet (Figur 4). Eventuelle tiltak som endrar sirkulasjon eller sjiktingstilhøve kan medføre kraftigare indre bølgjer enn før tiltak.



Figur 4. Stående indre bølgje i Kyllaren danna av vind (t.v.) eller (t.h.): bølgjetog p.g.a. innstrøyande tungt vatn.

P.g.a. grenseflater, sjikting og kontinuitetsvilkår vil svingingane gjerne ha ein karakteristisk fasong og periode. Ved kontinuerleg aukande densitet med djupet vil teoretisk svært mange svingeperiodar kunne eksistere. Men med to lag med eit tydeleg sprangsjikt mellom kan ein gjere tilnærmingar og kalkulere sannsynlege svingeperiodar (T_i) ut frå følgjande formel


$$T_i \text{ (s)} = 2L [\rho_2/g(\rho_2 - \rho_1)(1/H_1 + 1/H_2)].$$

ρ_1 og ρ_2 er densitet i øvre og nedre lag, og H og H_2 er respektiv tjkkleik (djupne). Den effektive lengda på Kyllaren er noko vanskeleg å definere men ved å sette denne til 1 km, ρ_1 lik $1005 \text{ kg}/\text{m}^3$ og ρ_2 lik $1015 \text{ kg}/\text{m}^3$, $H_1 = 3 \text{ m}$ og H_2 lik 27 m gir formelen ein svingeperiode på knapt 1 time.

Frie svingingar på grenseflata kan også genererast av forstyrringar utanfrå, f.eks. brå innstrømming. Sjiktina bestemmer også her kva frekvensar som kan forventast. Dess kraftigare sprangsjikt, dess høgare frekvens (kortare periode). Realistiske verdiar for øvre lag av Kyllaren vil ligge i intervallet 0.5-5 minutt. M.a.o. vesentlig kortare periode enn for ståande bølgjer.

1.3.4 Danning av hydrogensulfid

Nedbryting av organisk materiale i djupvatnet i Kyllaren skjer sannsynlegvis vesentlegast av anaerobe bakteriar og mest på botnen der organisk materiale akkumulerer, ved såkalla dissimilatorisk SO₄ reduksjon og danning av H₂S:



Denne produksjonen er avhengig av organiske tilførsler. Næs m. fl. (1988) fann vertikal fluks i Framvaren (20 m o. botn) lik 20 g C m⁻² år⁻¹. Karbon-produksjon (primærprod.) i øvre lag vart estimert til 50-100 g/m² år, som indikerer at ca 20-40% sekk djupt ned i det anoksiiske djupvatnet i Framvaren. Børsheim (1978) estimerte primærproduksjonen i Sælenvatnet i Bergen (øvre lag) til 140 g C m⁻² år⁻¹. Dette utgjorde mindre enn 50% av det materialet som ble nedbrote. M.a.o. må det også skje betydelege tilførsler av organisk materiale frå nedslagsfeltet for Sælenvatnets vedkomande. Liknande resonnement gjeld nok for Kyllaren også sjølv om vi her manglar data for primærproduksjon og akkumulasjonsrate.

H₂S-produksjon er for øvrig rapportert høgare enn 3 mg S/m² pr dag i anoksiiske sediment (Andreae og Jaeschke 1992). I Kyllaren er nok produksjonen mindre.

Sovel i sjøvatn ligg normalt føre som NASO₄⁻, MgSO₄, CASO₄⁻, KSO₄⁻ og SO₄²⁻. Gjennomsnittleg konsentrasijsjon (ved ca 35 ppt salinitet) er 0.904 gS/kg (Krouse og Grinenko 1991), altså ca 1/35 vektdel av alt saltet. Samla sulfatkonsentrasijsjon som funksjon av salinitet i havvatn gis av formelen

$$[\text{SO}_4^{2-}] = 0.808 \times \text{S} \text{ (mMol/l)}.$$

Som døme kan det synast til Sælenvatnet i Bergen med salinitet i djupvatnet på ca 21 ppt. Det motsvarar teoretisk SO₄ konsentrasijsjon på 17 mMol/l, mens målt (av UiB) er 14-15. M.a.o. må 2-3 mMol/l ha blitt konvertert til H₂S ved kjemiske og mikrobiologiske prosessar i Sælenvatnet. Dette stemmer bra med den H₂S konsentrasijsjonen som faktisk er målt der (Golmen m fl. 1995). Noko sovel vert frigjort i djupvatnet frå døde organismar (fyto/zooplankton, med svelinhald ca 1-3% av tørrvekt).

1.4 Metodar for innsjørestaurering

Det finst mange aktuelle metodar i tillegg til å avgrense tilførsler av organisk stoff og næringssalt (Dunn m fl. 1974, Singleton og Little 2006). Å beregne storleiken av slike tilførsler til Kyllaren og å vurdere evt. reduksjon av desse er ikkje del av føreliggande studie. Utviklinga tyder på at det er fysiske endringar evt klimaendringar som er mest medverkande til den negative trenden. Det er ikkje noko som tilseier nokon markert auke i tilførslene til Kyllaren dei siste ti-åra, men ein gjennomgang av tilstanden vil uansett vere bra for total-oversynet og i sbm oppfølgjande tiltak og overvaking.

Av fysiske tiltak som kan vere aktuelle for Kyllaren kan nemnast:

1. Slange ut og bobling med komprimert luft eller oksygen; boblegardin, in-situ oksygenering
2. Tilføring av ferskvatn frå elv ned i djupet

3. Nedpumping av ferskt og oksygenrikt overflatevatn
4. Mekanisk omrøring, skape turbulens, evt kombinert med lufttilførsle
5. Utviding/utdjuping av terskel
6. Avstenging av terskel for å hindre saltvassinnstrøyming
7. Mekanisk stimulert vertikalkonveksjon
8. Regelmessig utpumping av djupvatn
9. Tilsetting av kjemisk stoff (oksidantar som jerklorid- eller sulfat)
10. Biologisk oksidasjon

Metode Nr 10, Biologisk (bakteriologisk) oksidasjon av sulfid er aktuell metode for kloakkreinseanlegg der H₂S ofte oppstår (Joyce m.fl. 1995) men krev ein relativt kompleks infrastruktur og overvaking på land for å ha kontroll på prosessen.

Dei opplista metodane for øvrig er omtalt i tidlegare rapportar, og det vert ikkje gjenteke i detalj i denne studien. Alle metodane har visse ulemper (Singleton og Little, 2006). Alle vil sannsynlegvis medføre visse inngrep på land og evt installasjonar ute på vatnet. Metode 5 og 6 krev relativt omfattande tiltak ved brua og evt i kanalen, spesielt ved metode Nr 5 viss det skal gje tydeleg effekt. For innsjøen Hunnbund i Østfold som har H₂S i djupvatnet, har NIVA gjort berekningar av effekt av djupare terskel/utvida kanal (Staalstrøm m.fl. 2009), tiltak er enno ikkje sett i verk der. Metode Nr 6 vil hindre eller vanskeleggjere vandring av fisk inn og ut.

Dei fleste av tiltaka over, om ikkje alle, ville hatt positiv effekt for vasskvaliteten i Kyllaren og sørge for fjerning av luktplagene viss dei alt hadde vore sett i verk. Hovudformålet må no vere å finne enkelt gjennomførbare løysingar og å bidra til rask sakshandsaming ved og få samla berørte bebuarar, lokalpolitikar og forvalting om ei for alle akseptabel løysing.

1.5 Tilhøva vinteren 2009/2010


Denne vinteren oppstod det særstakke store og vedvarande utbrot av hydrogensulfidgass. Som nemnt, vart lukta registrert 20 km unna, i Bulandet. Det vart rapportert om luftmålingar i nærleiken av Kyllaren på 13 ppm (administrativ faregrense i industrien er 10 ppm). Det vart ikkje teke prøver i vatnet i forkant eller under/etter utbrota så vidt vi kjenner til, men ein kan anta at det var snakk om svært høge konsentrasjonar av H₂S i djupvatnet hausten 2009, som har bygd seg gradvis opp etter førre utskifting.

Det er rimeleg å anta at vertilhøva hausten 2009 medverka til å legge til rette for utbrota den komande vinteren. Vi har gjennomgått verdata frå Verlandet for perioden 1990-2010, for å sjå om det var unormale tilhøve i 2009. Resultata er synt i **Figur 6-Figur 7**. Det framgår at november og desember 2009 og også januar og februar 2010 var markert nedbørfattig. Haustnedbøren for alle åra 2008-2010 låg godt under gjennomsnittet for 1990-2010. Vinteren 2010 hadde også unormalt lite nedbør.


Ut frå dette kan det tyde på at nedbørtihøva var unormale i 2009/10, og i tillegg var det ein svært kald og lang vinter, med tidleg islegging av Kyllaren. Begge faktorar bidreg til å bringe det H₂S-haldige vatnet oppover slik at det lett vert ført utover i kanalen med utfløyande vatn. Den antakeleg svake utstrøyminga passa godt med raten til oppstrøymande vatn, og i kanalen var det lang oppholdstid med

rikeleg anledning til eksponering mot lufta før det rann ut i Askvika og kunne blande seg med sjøvatn der.


Det kan også merkast at hausten 2010 var nedbørsfattig, slik at tilhøva kan ligge til rette for nye gasslekkasjar vinteren 2010/11.



Figur 5. Månadleg nedbør (månadsmiddel) for 1990-2010, Värlandet.



Figur 6. Statistikk for målt nedbør i Värlandet 1990-2010, samt månadsmiddel for 2010.




Figur 7. Sesongnedbør i Værlandet. Øvst: Haust (okt+nov+des) nedbør, under: Vinter (jan-mars) nedbør, for kvart år, 1990-2010. Horisontale liner syner sesongmiddel for perioden.

2. Kyllaren, geografi og topografi

Kyllaren utgjer nordste halvdel av ein ca 2.5 km lang resipient, der Leira dannar søre delen (**Figur 8, Figur 9**). Data for Kyllaren er synt i **Tabell 3**. Leira er grunn, med middeldjup ca 1 m, og overflateareal på ca 0.3 km² (rekna sør til RV 608, Straumen). Samla vassvolum er om lag 4 mill m³. Djupvatnet har eit volum på ca 2.5 mill m³. Største djup er truleg eit par meter større enn tidlegare anteke. Vi registrerte 32 m på ekkoloddet under bratthenget på vestsida i september 2010. Det framgår at Kyllarens overflateareal er om lag like stort som Leira sitt, mens vassvolumet er ca 10 gonger større.

Nedslagsfeltet for Kyllaren og Leira er for det meste berglendt (**Figur 10**), særleg bratte fjellsider er det midt på vatnet på begge sider, mens landarealet i nord og sør er flatare, med dyrka mark. Nedslagsfeltet for strekninga Askvika-Leira er berekna til 8 km² (Fløene, 1974). Av dette kan vi anslå at ca halvparten er knytt til Leira. Ringstadelva (med Hellsetvatnet) har ca 5.7 km² nedslagsfelt. Til saman gir dette ca 12 km² nedslagsfelt, med varierande feltretensjon (berg, myr etc).

Samla normalavrenning til Kyllaren og Leira er ca 0.1 m³/s, og 1 m³/s ved flaum (etter Fløene, 1974).





Figur 9. Askvoll sentrum, Askvika og Leira.

Tabell 3. Nokre topografiske data for Kyllaren (omtrentlege verdiar).

Max. djup:	32 m ^{*)}
Avstand til sjø (Askvika):	3.5 km
Terskeldjup:	< 1 m
Overflateareal:	0.35 km ²
Samla vassvolum	4 mill m ³
Vassvolum, intervall 5-30 m:	2.5 mill m ³

^{*)} målt med ekkolodd under synfaring 23/9 2010.


2.1 Kanalen ut til Askvika

Fra ytre del av Askvika (nær Askvoll sentrum) går det ei grunn renne gjennom våtmarksområdet, som mindre båtar kan fortere oppover til Straumen bru. Inntil slutten av 1800-talet er det sagt at jekter kunne ta seg heilt inn til Kyllaren for opplag eller nødhamn. Dette må ha skjedd på flo sjø. I dag ville slik ferdsel vore vanskeleg p.g.a. djupnetilhøva, noko som kan tyde på at det har skjedd ei gradvis oppgrunning av området. Godø (1980) nemner at det naturlege innløpet ”var blitt sterkt innsnevra” (før 1980) med auka utfelling av lausmateriale og attgroing. **Tabell 4** gjev eit oversyn over nokre historiske hendingar.


Avstanden fra Askvika til Straumen (vegfyllinga til RV 608) er ca 2 km. Fra Straumen og nordover til sjølve Kyllaren er det ytterlegare 1-2 km (**Figur 11**). Kanalen er smal og grunn, noko som flyfotoa i **Figur 12** illustrerer. På begge sider av bruva er det noko djupare 30-40 meter til kvar side, noko som kan tilskrivast omrøring/turbulens i vatnet der i sbm inn-og utstrøyming forbi den grunne terskelen ved bruva.



Figur 10. Flyfoto av Kyllaren og området rundt (Kjelde: Google-earth). Smetteelva renn ut i nordre enden av vatnet. Ein bekk med relativt høg vassføring i nedbørspesidalar renn nedetter berghammaren på vestsida.



Figur 11. Lengdesnitt/skisse frå Askvika til Kyllaren. Lengda på Kyllaren er relativt liten i høve til lengda på det grunne utløpet over Leira og utover.



Tabell 4. Nokre hendingar relatert til Kyllaren. Fargeindeksen illustrerer kvalitativt korleis tilstanden for indikatorar har endra seg frå stort sett god (grøn) til mindre god (gul) og delvis dårlig (raud).

Periode/år	Aktivitet/hending	Tilstandsindeks
1882	Trebru på pelar ved Straumen; ingen innsnevring	Grøn
..1896...	Steinbru over Straumen, 5 kulvertar/løp, liten innsnevring	Grøn
Ca 1900	Auka botnutfelling/sedimentering i Kyllaren	Grøn
..1950-54..	Betongbru ved Straumen, fylling på vestsida	Grøn
1950-60...	Auka jordbruksaktivitet	Grøn
Ca 1950	Auka botnutfelling/sedimentering	Grøn
1970-talet	Aukande utfelling/oppgrunning, og attgroing	Gul
1988	Vegfylling over Askvika, med 2 x 15 m opning	Gul
1993	Kulvert, 2 x 2 m, under Straumsbrua	Gul
1993/94	Kraftig utbrot av H ₂ S gass	Raud
1995/96	Nytt utbrot av H ₂ S gass	Raud
2000-2003	Nokre mindre H ₂ S episodar	Gul
2009/10	Nytt kraftig utbrot av H ₂ S gass	Raud
2010/11	Noko lukt	?

2.2 Askvika naturreservat

Askvika naturreservat vart oppretta i 1991, og er freda i medhald av lov om naturvern, sjå forskrifa i Vedlegg A. Området som forskrifa gjeld for, er synt i **Figur 13**. Området er på 1350 daa (1.35 km²) og dekkjer Kyllaren, Leira og Askvika ut til vegfyllinga. Det utgjer eit viktig våtmarksområde, med spesielt dyre (fugl, fiskeyngel)- og planteliv (Godø 1980, Gaarder og Jondal 1995).

Kyllaren er del av reservatet sjølv om våtmarksinteressene først og fremst knyter seg til Askvika og Leira, det er i det vesentlegaste der naturtilhøva har vore kartlagt og vurdert som verneverdige.

I Leira finst det brakkvassenger med starr og andre artar på begge sider. Bakteriesamfunna i sedimenta i Kyllaren og forekomst av ei sildestamme før den kraftige H₂S perioden vinteren 1993/94 er nemnt av Enzensberger (2010). Godø (1980) refererte også til denne sildestamma, og til sjøaure i Kyllaren.

Miljøstatus i Sogn og Fjordane omtalar Kyllaren og førekomenst av bakteriesamfunn på botnen som bør takast omsyn til ved iverksetjing av eventuelle tiltak for å bli kvitt H₂S lukta:

http://sognogfjordane.miljostatus.no/msf_themepage.aspx?m=3835#28233

Kyllaren fell under den forvaltingsmessige kategorien *Marin naturtype; Brakkvannspoll og Fjord med naturleg lågt oksygeninnhold*, og er klassifisert som Svært viktig (A) i DNs verdikategorisering (Handbok 19). Det er for øvrig enno ikkje definert bevaringsmål for marine naturtypar i Norge. Arbeid med dette skal vere i emning.

Vannrammedirektivet (Water Framework Directive) har som mål å oppnå God økologisk status (tilbake til ”naturtilstanden”) for alle vassførekommstar som ikkje er sterkt modifiserte innan ein viss frist. I Norge er det i gong arbeid innafor vassregionar for å kartlegge status m.m.. Kyllaren høyrer ikkje til nokon slik vassregion. Tilbakeføring til ”naturtilstanden” vil sannsynlegvis bety å få auka utskiftinga av sjøvatn på ein eller annan måte, for å bevare sjøvasskarakteristikken. Arbeidet med direktivet i Europa tek tid og det er uklart om og når ein vil nå dei endelege måla (Fürhacker 2008). For marine naturtypar i Norge kan klassifiseringa og inndelinga vere vanskeleg fordi retningslinene er best tilpassa dei morfologiske og hydrologiske tilhøva på Kontinentet (Elliott og McLusky 2002).

Ved iverksetjing av tiltak i Kyllaren vil ein sannsynlegvis måtte ta omsyn til fredningsforskrifta, og evt. søke om dispensasjon frå denne viss tiltaket vil medføre vesentlege inngrep eller negative miljøverknadar. Miljøvernavdelinga har signalisert at vernestatusen for området ikkje skal hindre at akseptable tiltak blir satt i verk.



Figur 13. Askvika naturreservat (skravert).

3. Tidlegare granskningar i Kyllaren


Jakt og fiskelaget i Askvoll byrja med systematiske målingar av temperatur og salinitet i Kyllaren i mars 1993. I perioden 1994-1995 gjorde NIVA i samarbeid jakt-og fiskelaget oppfølgjande målingar i etterkant av kraftige luktepisodar vinteren 1993/94. Rapportane (Golmen 1994, Golmen og Nygaard 1996) representerte ein vassfagleg kunnskapsstatus og foreslo tiltak for å betre vasskvaliteten. Deretter byrja Høgskulen i Sogn og Fjordane studiar i Kyllaren, som resulterte i ei studentoppgåve og også doktorgradsarbeid. Vi tek med nokre klipp frå desse prosjekta.

3.1 NIVAs granskningar 1994-1996


Tilstanden i Kyllaren vart kartlagt med målingar og prøvetaking i perioden 1993-1995. H_2S konsentrasjonen i djupvatnet var svært høg, 180 mg/l, også etter utluftinga vinteren 1993/94. Temperatur og salinitet i djupvatnet låg rundt 8.6 °C og 25 ppt, høvesvis, med eit regimeskifte i sjikttinga i løpet av vinteren 1993/94 (**Figur 14**, **Figur 15**). Djupvatnet hadde høge konsentrásjonar av næringssalt, og 1300 mg/l sulfat.

Vassstanden vart målt inne i Kyllaren. Det er kraftig demping av tidevatnet (dempingskoeffisient ca 0.25, **Figur 16**). Amplituden til tidevatnet varierer frå nokre få cm ved halv måne til opp mot 50 cm ved ny/fullmåne.


Aktuelle metodar for forbeting av tilstanden vart gjennomgått. Det vart rekna på ulike forslag som oppdemming av terskelen og utslepp av ferskvatn under overflata i Kyllaren som eit moglege tiltak (Ringstadelva var nytta som døme). 100 W tilført effekt (turbulens) i djupvatnet ville vere nok til å halde problema i sjakk. Det vart ikkje rekna i detalj m.o.t. tekniske løysingar og kostnader.



Figur 14. Målt temperatur i Kyllaren frå mars 1993 til januar 1995 (frå Golmen og Nygaard 1996)



Figur 15. Målt salinitet og utrekna densitet/sigma-t for vatnet i Kyllaren, mars 1993-januar 1995.




Figur 16. Skisse av variasjon i vasstand (tidevatn) i Kyllaren og i Askvika over ein halvdags syklus. Skraverte område indikerer periodar når innstrøyming kan skje. Sjøen flør opp raskare (over 3-4 timer) enn den fell (8-9 timer) i Kyllaren.

3.2 Granskingane i regi av Høgskulen

Etter at NIVA kom med sin rapport Nr 2 i 1996 fekk Høgskulen i Sogndal oppdrag frå Fylkesmannen å foreta ei vidare kartlegging av Kyllaren. Dette omfattande arbeidet med sedimentmålingar (for datering) m.v. vart rapportert i 1998, i sbm. studentoppgåva til Aas og Torgersen (1998).

Kandidatoppgåva til Aas og Torgersen (1998) omhandlar sedimentprøvetaking i 1997 og vurderingar av resultata i historisk perspektiv og med tanke på årsaker til H_2S episodane. Studien innbefatta m.a. aldersbestemming av sjikt i sedimenta (**Figur 17**). 15 cm ned i sedimentet skriv materialet seg frå tidleg 1800 tal. Sedimenteringrsaten er større midt i vatnet enn inne ved land. Det vart notert at sedimentasjonsraten var ganske konstant fram til ca år 1900 då den byrja å auke (særleg tydeleg i djupare deler av Kyllaren). Eit anna særtrekk var ein markert auke i sedimenteringa etter 1950 som kanskje kan skrive seg frå auka jordbruksaktivitet, evt betongbrua i Straumen. For øvrig vart sedimentert materiale karakterisert som terrestrisk (tilført frå land) i hovudsak.




Figur 17. Sedimentasjonsrate, masseakkumulasjonsrate og alder på sediment to stader i Kyllaren, KY2: 29 m djup; KY3: 5 m djup. Frå Aas og Torgersen (1998).

Etter NIVAs granskingar i 2003-2005 bidrog kommunen og Fylkesmannen med mildar til vidare studiar i Kyllaren i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal. Høgskulen kopla inn sitt internasjonale nettverk i dette og feltmessig arbeid pågjekk i 1997 og 2001-2003, med påfølgjande rapportering (Smittenberg m. fl. 2004, van Breugel m fl. 2005). Nokre resultat frå desse granskingane

er synt i **Figur 18- Figur 20**. Sedimentkjernedata synte i grove trekk same resultat som Aas og Torgersen (1998), men hadde større oppløsing i vertikalen og også andre analyseparametar. Eit tydeleg trekk var auken i MAR etter ca 1950, som også Aas og Torgersen fann, men den nye prøven er enno tydelegare på dette. Etablering av ny bru over Straumen i 1954 og generell landheving vart knytt til denne endringa. Reduksjon i TOC i same tidsrom vart forklart med reduksjon i tilførsler av erodert materiale får land, eller evt reduksjon i andel organisk materiale i dette. Temperaturauke og ending i vegetasjon og landbruk i nedslagsfeltet vart også nemnt som mogleg årsak.

Ein interessant observasjon er auken i svovelakkumulasjon sidan førre århundreskiftet, som kan reflektere tydelegare sjøvasskarakteristikk (vår kommentar).




Figur 18. Sedimentdata frå Kyllaren basert på kjerneprøve frå 1997: Total-karbon, Delta-¹³C, C/N, Svovel, MAR-masseakkumulasjonsrate, TOC og svovel akkumulasjonsrate (frå Smittenberg m fl. 2004).

I perioden 2001-2003 vart det teke nye vassprøver i Kyllaren, med vekt på prøver i kjemoklinen frå 3- ca 7 m djup (van Breugel m fl. 2005). Resultat frå STD-sondemålingar er synt i **Figur 19**, for utrekna densitet med tydeleg sjiktning mellom 2 og 5 m djup. Grensesjiktet mot H₂S-haldig vatn låg stort sett mellom 3 og 5 m djup som samsvarar bra med målingane i 1994-95.


Smittenberg m fl (2004) foreslår at H₂S-grensesjiktet kan ha blitt gradvis grunnare i det siste, noko som målingane ikkje dokumenterer. Grensesjiktet steig kortvarig til nær overflata våren 2001 og vinteren 2003. I februar 2003 var det gasslekkasje frå Kyllaren.

Prøver av H₂S i djupvatnet syntet maksimumsverdiar på 5 mmol/l (sommaren 2002) og 3.7 mmol/l (våren 2003). Dette svarar til 126 – 170 mg/l H₂S, som er i bra samsvar med NIVAs verdiar får 1990-talet.

Figur 20 Syner resultat av karbon-analysar av vassprøver i 2001-2003. Auken i DIN og reduksjon i Delta-¹³C vart tolka som at det føregår ein effektiv respirasjon av løyst/partikulært organisk materiale i Kyllaren. Det er m.a.o. prosessar både i vassøyla og på botnen som bidreg til dei høge H₂S verdiene.



Figur 19. Resultat av målinger og prøvetaking i Kyllaren fra mars 2001-mars 2003. Isoliner for densitet (σ_t). Frå van Breugel m fl. 2005, data for temperatur og salinitet ikkje rapportert).



Figur 20. Resultat av prøver i kjemoklinen 2001-2003 (frå van Breugel m fl. 2005).

4. Miljøtilstanden i 2010/11

Det vart gjennomført prøvetaking og observasjonar i Kyllaren i september, november og desember 2010 og i februar 2011. Grunna vertilhøva med tidleg islegging (oktober) og med is som gjorde det risikabelt å gå ut på vatnet, måtte vi avvente prøvetaking til tilhøva betra seg. Innimellom vart det gjort observasjonar frå land av islegging og tilhøva i Straumen med fotodokumentasjon.

Figur 21 syner fotografi av isen frå desember 2010 og januar 2011. Utstrøyande vatn var tidvis gråfarga/blakka, noko som tyder på utfelling eller frigjeving av stoff i sbm oksidering av djupvatn som slapp ut.

Figur 22 syner taskekrabbe som i janur 2011 hadde slege seg til der Smetteelva renn ut i Kyllaren.



Figur 21. Øvst: Foto frå bruа innover retning Leira og over den is/snødekte Kyllaren i desember 2010. Under: Kyllaren 6. januar 2011, med litt redusert is/snødekke. Foto: E. Aarset.



Figur 22. Foto av taskekrabbe som hadde søkt tilflukt inst i Kyllaren ved Smetteelva i januar 2011. (Foto: E. Aarset).

4.1 Hydrografi

Toktet **23. september 2010** avdekkja eit ca 1 m tjukt overflatelag med ein termoklin/haloklin sone mellom 1 og 4 m djup, med djupvatn under (**Figur 23**) med tilnærma konstant temperatur og salinitet nedover. Salinitet i djupvatnet var rundt 25.5, dette er om lag det same som vart målt i 1995.


Eit særtrekk ved dei nye målingane er det svært kalde djupvatnet med tilnærma konstant temperatur på 3.7 – 3.8 °C frå fire meter og ned. Sondemålingane og termometeret på vasshentaren synte samsvarande verdiar. Temperaturmålingane står i kontrast til registreringane på 90-talet då temperaturen i djupvatnet låg rundt/over 7 grader (sjå førra kapittel). Det må tyde på at det vinteren 2010 var innstrøyming og gjennomblanding med kaldt (og relativt salt) kystvatn til botn og at tilhøva deretter har normalisert seg med eit isolerande brakkvasslag på toppen. Vinteren 2009/10 var for øvrig eksepsjonelt kald og langvarig og vart samanlikna med vinteren 1978/79 som hadde kulderekordar på Vestlandet.

Målingane **17 november 2010** synte framleis låge temperaturar med minimum rundt 3.8 °C i sjiktet mellom 6 m og 15 m djup.


Under målingane **10. februar 2011** nytta vi målesonde med turbiditet- og oksygensensor. Resultata er synt i **Figur 24- Figur 25**. Isen låg framleis over inste delen av vatnet denne dagen og det regna tett. Vi tok profil i det djupaste partiet, som var nær iskanten.

Temperaturen i overflata som låg nær frysepunktet, auka nedover til ca 3 °C ved 1 m djup og var så ganske konstant vidare ned med verdiar mellom 3 og 3.5 °C i djupvatnet. Små lokale temperaturmaksima ved 3 m og 18 m djup vart notert (**Figur 24**). Saliniteten var nær null i overflata og auka tilnærma lineært med djupet til ca 24 ppt i 1 m djup, ved botn låg saliniteten på ca 25.6 ppt (densitet rundt 20.5).

I høve til verdiane i september 2010 hadde djupvatnet halde seg kaldt, avkjølt med ca ei halv grad. Saliniteten auka litt i løpet av hausten/vinteren, noko som tyder på at noko sjøvatn må ha strøymt inn ved eit eller fleire høve. Øvre lag var tydeleg tynnare i februar enn i september.



Figur 23. STD profil i Kyllaren målt 23. september 2010. Svarte punkt syner H₂S verdiar.



Figur 24. STD-profil frå Kyllaren målt 10. februar 2011, 0-4 m djup (t.v.) og 0-30 m djup (t.h.).

Overflatelaget i Kyllaren har nok alltid lågare salinitet enn 24.7, det vil sei at avkjøling vil føre vatnet til maksimal densitet før det når frysepunktet, og at det ved vidare avkjøling bygg seg opp eit tynt overflatesjikt med lettare vatn før isfrysing tek til (jamfør avsnitt 1.3.2). Islegginga har dermed gode vilkår i Kyllaren. Dette er til skilnad frå avkjølingsprosessen i opent hav der denne medfører djuptgåande vertikalkonveksjon, oftast utan at is vert danna.

4.2 Oksygen/H₂S og partiklar

Prøveanalysar for oksygen/H₂S for **23. september 2010** synte oksygenverdi på 4.4 ml/l (6.4 mg/l) i 1.5 m djup. Overgangen til oksygenfritt vatn/H₂S (lukt-test) låg mellom 3 og 4 m djup. Prøver frå 5 m og ned til 29 m djup synte alle høge verdiar av H₂S, varierande mellom 38 mg/l i 5 m djup til max på 68 mg/l i 29 m djup (**Figur 23**).

Gjennomblandinga med gasslekkasjen førre vinter hadde m.a.o. ikkje fjerna all H₂S. Det ligg ikkje føre målingar av H₂S-konsentrasjonen i 2009 men tidlegare verdiar var opp til 180 mg/l. Liknande høge konsentrashjonar kan ha bygd seg opp fram til vinteren 2009/10 og kan forklare kvifor det framleis låg mykje H₂S att hausten 2010, d.v.s. at ikkje alt djupvatn var skifta ut. Sedimenta har også eit reservoar av H₂S som gradvis kan ha diffundert over i ”det nye” djupvatnet mens konsentrashjonen der fall vinteren 2009/10.


Resultat av prøvene frå **10. februar 2011** er synt i **Figur 25**, der også kurve for målt turbiditet er med. Målingane av turbiditet gjev eit uttrykk for partikkelmengdene i vatnet. Det var eit maksimum like under overflata, eit minimum rundt 15-18 m djup (der det var lokalt temperaturmaksimum), og så aukande verdi mot botnen. Høge verdiar kan også skuldast gassbobler.

Høgste H₂S-verdi no var 48 mg/l, ein nedgong på ca 20 mg/l frå max verdien i september 2010. Maksimumet låg no litt over botnen, i sjiktet rundt 15-20 m djup. Sjølv om det var lågare maksimumsverdiar denne gongen, var verdiane opp mot overflata høgare enn september verdiane. I 5 m djup var det 0.3 mg/l høgare verdi no, og i 1.5 m som var H₂S-fritt sist, var det no heile 34 mg/l H₂S.

Oksygenprofilen i **Figur 24** synte låg oksygenkonsentrashjon like under overflata og den fall raskt mot tilnærma null (sensoren responderer ikkje momentant og går ikkje fullstendig mot null nede i H₂S-vatnet).

Vi kunne kjenne svak H₂S lukt også i vatn nær overflata denne dagen, det lukta markant av prøveutstyr og vatn i og rundt båten. Små rykk i vasshentaren nokre meter ned i sjøen medførte at små pakkar med vatn/gass steig til overflata. Med alt regnet i tillegg var det vanskeleg å få ein god subjektiv vurdering av tilhøva, anna enn at det framleis var mykje H₂S att i Kyllaren!

Vi kan slå fast at Kyllaren tidvis har særslig høge H₂S-konsentrashjonar men høgare konsentrashjonar er registrert andre stader. 350 mg/l er rapportert frå Lower Mystic Lake i Massachusetts (Anon 1989), som hadde ei liknande historie som Kyllaren, opprinneleg med open kanal ut til kysten, oppdemming i 1908 som reduserte sjøvassinnstrøyminga, og til slutt gasslukt frå ut på 1960-talet.



Figur 25. Målt turbiditet og temperatur i Kyllaren 10. februar 2011. Svarte sirkler viser resultat av H_2S -analysar (mg/l).

4.3 Næringssalt

